



KARANTENENEMNDA

John-Ragnar Aarset

Vår dato	Din dato	Vår referanse
01.03.2022	18.02.2022	2022/17

Avgjerd i samband med overgang til vervet som varamedlem i styret for stiftinga Norsk Luftfartsmuseum

Vi viser til di melding til Karantenenemnda 18. februar 2022.

Vedtak

Sekretariatet for nemnda har, etter fullmakt, gjort vedtak om at du ikkje skal ha karantene eller saksforbod i samband med overgang frå embete som statssekretær i Samferdselsdepartementet til vervet som varamedlem i styret for stiftinga Norsk Luftfartsmuseum.

Rettsleg grunnlag

Sekretariatet for nemnda kan etter fullmakt avgjere saker der overgangen til ny stilling, verv eller etablering av verksemd er uproblematisk, jf. forskriften til karanteneleva § 8 tredje ledd.

Saksforholdet

Du har vore statssekretær i Samferdselsdepartementet frå 9. mars 2020 til 14. oktober 2021. Du er oppnemnt av Samferdselsdepartementet som varamedlem til styret i stiftinga Norsk Luftfartsmuseum. Det er uproblematisk etter karanteneleva at du går inn i dette vervet.

Rett til innsyn

Du har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 jf. § 19.

Informasjonsplikt

Avgjerda i denne saka gjeld den konkrete overgangen som er behandla. Dersom du innan eitt år går til ei ny stilling eller eit nytt verv eller opprettar eiga næringsverksemd må du melde dette inn til nemnda for vurdering.

Med helsing

Reidun Slåen (e.f.)

Henrik Rydland Akslen

Karantenenemnda
Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep, 0032 OSLO
E-post: Karantenenemnda@kdd.dep.no

Vedtaket frå Karantenemnda er godkjent elektronisk og inneheld ikkje signatur.

Kopi:

Statsministerens kontor

Samferdselsdepartementet